

# Arbeidsplan 2022

- **Årsmøte** – dette vert 22.februar. Me inviterer Jon Nessa til å halde innlegget som vart avlyst då Noreg stengde ned 12.mars 2020.
- **Strikkekafe** -Det vert arrangert tre samlingar våren 2022. Desse vert halde 26.januar, 16.februar og 23.mars. Ellen Mari har ansvar for opplegget og for å sette opp nye datoar til hausten.
- **3.-13.mai** er det Hjarteveke og "Hopp for hjartet"- aksjon. Dette går av seg sjølv då det er skulane som melder på. Helselaget kjøper inn hoppetau dersom det er ønskeleg.
- **7.mai** vert Folkehelsedagen markert av NFF over heile landet. Helselaget vil markere det med «Hjartemarsj» eller ein annan tur. Dette er vêravhengig.
- **5.juni – 1.pinsedag** Hardhausen. I år satsar me på å få til eit felles arrangement på Fosstemmen 1.pinsedag.
- **Seniorane**
  - 10.februar lagar me til lunsj for seniorane (60+) (kl.1200-1400) i Trivselsstova. Rådmann Wiktor Juul kjem for å snakke om "leve heile livet" også i små grender i Hjelmeland. Det vert servert heimelaga lunsj.
  - 23.mai vert det busstur til Skabelonen i Årdal. Eld finn Ausitgard har eit fast opplegg med historie og noko å bita i.
  - Det vert lagt opp til eit par lunsjsamlingar til hausten. Dato for desse vert sett etter sommaren.
- **Demensaksjonen** – vert markert med innsamling i veke 38 (19.-25.september)
- **Blomar til alle Jøsensebuarar og medlemmer over 80 år.** Styret kjøper inn og deler ut blomar i før jul.
- **Turpostar m/bøker** – vedlikehald av turstiane, bytting av bøker på turpostane og trekking og premiering på årsmøtet. Me ønsker også å halde eit møte for «turpostfadrane» for å koordinere og fordele oppgåver.